



Inngangspartiet ved blomestbutikken er vakkert dekorert med påskeblomar.

I påsken skal det vera gule blomar, anten det er ute- eller inneplanter. Som i jula, er påsken ei viktig høgtid for alle som driv med blomesthandel. For det fyrste skal det pyntast på gravene med påskeliljer, lyng og stemorsblomar. Så er det planting og pynting heime, ute og inne i huset. I innspurten til påsken kjem alle som kjøper påskeblomar som ei gåve og helsing til kjære og kjende.

Gro Hjelmeland syner oss rundt i butikken. Det har vore god handel så langt. Ho er alt tom for påskeliljer. Berre det som står i utstilling, er råd å få tak i.

Til innebruk går det mykje på gule blomar, potteplanter, roser og tulipaner. Ute skal det vea påskeliljer, lyng og stemorsblomar. Det har rett nok vore litt kaldt om natta ei tid, men Gro har god tru på at plantene skal klara seg. Stemorplanten held seg til ut på sommaren. Dei andre påskeblomane er tidsbestemte og har ei levetid på om lag to veker.

Opningstidene for dagane kring påske er:

- **Tysdag: kl. 09 - 17**
- **Onsdag: kl. 09 - 15**
- **Påskeafta: kl. 09 - 13**

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Inne i butikken går det gult i gult, fargen som høyrer påsken til i ein blomebutikk.